



Referat frå elevrådsmøte Lye skule

Elevar frå 4. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.

Sak 1 Presentasjon av elevrådsrepresentantar

Elevane presenterte seg med namn og klasse.

Sak 2 Kva betyr det å vera elevrådsrepresentant, rolle og oppgåver.

Rolla til elevrådsrepresentant er:

- Våga ta ordet, fortelja både i klassen og på elevrådsmøtet
- Ta ansvar for oppgåvene. (ta opp saker i klassen, koma på møta, vera aktiv)
- Kunna samarbeida
- Kunna lytta/vera interessert
- Vera eit godt førebilete for dei andre elevane

Sak 3 Val av elevrådsleiar, nestleiar og representant i SU

Leiar, nestleiar + ein representant til deltek på Barn og unges kommunestyre og i samarbeidsutvalet (SU). SU har møte etter skuletid 2 – 3 gonger i året.

Barn og unges kommunestyre er i november.

Elevrådsleiar: Sjur 7.trinn

Nestleiar: Turid 5.trinn

SU-representant: Erle 6.trinn

Sak 4 Saker frå klassane

- Ønsker seg tak/busskur ved busstoppet til skulen. Der ein venter på skulebussen. Me tek saka opp i neste SU møte.
- Ikkje alle er heil fornøgde med kvaliteten på fotballane, rektor svarte at skulen må ofte erstatte og kjøper inn mange fotballar og kan derfor ikkje kjøpe dei aller dyraste.

Sigrid Kjetland
-referent-